

KOMMISJONSVEDTAK

2004/EØS/56/05

av 12. juni 2002

om eit tidsavgrensa forsøk med omsyn til å auke den høgste vekta til eit parti med visse frø frå førvekstrar i medhald av rådsdirektiv 66/401/EØF(*)

[meldt under nummeret K(2002) 2078]

(2002/454/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

GJORT DETTE VEDTAKET:

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av frø fra førvekster⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 2001/64/EF⁽²⁾, særleg artikkel 13a, og

Artikkel 1

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 66/401/EØF er det fastsett ei høgste vekt for eit parti i samband med frøkontroll.
- 2) Endringar i marknadsføringspraksisen for frø, særleg med omsyn til måtar å transportere frø på, medrekna i bulk, gjer det ønskjeleg å auke den høgste vekta for parti med frø frå gras.
- 3) Etter noverande internasjonale praksis, det vil seie det avvikande forsøket med omsyn til den høgste vekta til parti med frø frå gras, som vart vedteken av Rådet for Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling 28. september 2000, og forsøket med omsyn til storleiken på parti med frø frå førvekstrar, som vart godkjent på det ordinære møtet til Det internasjonale frøkontrollforbundet 21. juni 2001, er det tillate med framgangsmåtar der den høgste vekta til eit parti kan aukast for visse artar, medrekna gras.
- 4) Det bør difor organiserast eit tidsavgrensa forsøk på nærmare fastsette vilkår med omsyn til å auke den høgste vekta til parti med gras.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

Føremålet med dette vedtaket er å organisere tidsavgrensa forsøk på fellesskapsplan i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i vedlegget, for å vurdere om den høgste vekta til eit parti som er fastsett i vedlegg III til direktiv 66/401/EØF, kan aukast for frø i kategorien «sertifiserte frø» av dei grasartane som er førde opp i artikkel 2 i det nemnde direktivet.

Artikkel 2

1. Alle medlemsstatane kan ta del i forsøket.
2. Medlemsstatar som vedtek å ta del i forsøket, skal melde frå til Kommisjonen om dette.
3. Med verknad frå den datoen då ein medlemsstat har meldt frå til Kommisjonen i medhald av nr. 2, er medlemsstaten, for føremåla med forsøket, løyst frå den plikta som er fastsett i artikkel 7 nr. 2 i direktiv 66/401/EØF med omsyn til den høgste vekta for parti med grasartar som er førde opp i kolonne 2 i vedlegg III, for dei artane som er førde opp i kolonne 1 under overskrifta «GRAMINEAE». Han skal i staden nytte ei høgste vekt på 25 tonn og stette, i tillegg til dei andre vilkåra som er fastsette i direktiv 66/401/EØF, dei vilkåra som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 155 av 14.6.2002, s. 57, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 3/2003 av 31. januar 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 10.4.2003, s. 3.

⁽¹⁾ TEF L 125 av 11.7.1966, s. 2298/66.

⁽²⁾ TEF L 234 av 1.9.2001, s. 60.

Artikkel 3

Forsøket skal avsluttast 1. juni 2003. Medlemsstatane kan vedta å avbryte forsøket før denne datoen.

Artikkel 4

Medlemsstatane skal innan 30. november 2002 og 31. mars 2003 leggje fram for Kommissjonen og dei andre medlemsstatane rapportar om framdrifta til og resultata av forsøket.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 12. juni 2002.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

Dei vilkåra som er nemnde i artikkel 1, er følgjande:

- a) kvart parti skal ha vorte granska med omsyn til einsarta innhald, og resultatet skal prove at partiet stettar kravet til einsarta innhald,
 - b) den offisielle etiketten som er pålagd i direktiv 66/401/EØF, skal vere påførd nummeret til dette vedtaket etter orda «EFs regler og standarder»,
 - c) når ein medlemsstat tek del i forsøk, skal prøver som medlemsstatane leverer til samanliknande forsøk på fellesskapsplan, vere avleidde frå parti med frø som er offisielt sertifiserte i samsvar med vilkåra for dette forsøket, og
 - d) klassifiseringsstyresmakta skal overvake forsøket.
-